

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7.

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Veøy

Emne: Skav

Bygdelag: Rødven

Oppskr. av: Eiliv Sandnes

Gard: Skulehagen

(adresse): Rødven

G.nr. 58 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Noko samnamn for dei ymse slag fôr, utanom høyet, har ein ikkje her.
2. Når skav og beit er nytta, vert det gjerne kalla hjelpe fôr. Skav er borken av rogn, osp, selje, fint skave.
3. Gjærningsordet skava bøyer ein : å skava, eg skov, eg skjev, eg har(eller vil) skava.
4. Skav som hjelpefôr har vore nytta her, men no slutt.
5. Treslag som var nytta til skav, er som nemnt ovanfor: rogn, osp og selje, til-dels var og nytta bjørk. Alm var det so lite av, at ein kunne ikkje rekna med den. Soleis vart rogn halde for best til skav.
6. Skav (skjevla) nytta om eit sert treslag, kjenner ein ikkje .
7. Rimet om almen som gjøe o.s.b. kjenner ein ikkje frå bygdetradisjonen her. Det er berre frå blad og bøker ein kjenner det.
8. Av buskapen var det mest herre ku som fekk skav. Skavet var best som var hogd kring nyåret (i januar), og soleis var det då helst nytta på etterjulsvinteren. Skavet fekk krøtera for seg sjølv, utan at det var blanda saman med høy eller anna fôr. Skav av older og or var ikkje brukt. Krøtera likte ikkje dette.



9. Dei sa at ein fekk meire mjølk av kyrne, når dei fekk skav, likeeins at smøret vart gult. Skav av osp hadde lett for å gjeva beisk smak.
10. Var det fornaud kunne det hende at ein måtte til skogs eins erend for å hente ved til skav, men det mest vanlege var at ein skov (skava) av den veden ein likevel måtte ha til huset. Før skov ein gjerne kornstaur og hesjeved og nytta skavet til krøtera.
11. Her var ikkje nokor serleg nemning for å dra på skogen etter skavved.
12. Sjå nr. 11.
13. Gjerningsordet m a r k a kjenner ein ikkje her.
14. Sjå sp.8. At karfolka skulde i skogen <sup>og</sup> hente skavved på fastande hjarta langfredag, kjenner ein ikkje til.
15. Med skavinga heldt dei seg både ute i tunet, i <sup>egred</sup> vedskjulet eller inne i stova.
16. Når det galdt å skave til krøtermat var det mest tollekniven ein nytta, for skavet måtte vere berre smått. Skulde ein skave kornstaur o.l. utan at skavet skulde nyttas, brukte ein gjerne bandkniv. Elles veit ein ikkje å segje av anna reidskap nytta til dette.
17. Som <sup>ovanfor</sup> nemnd gjekk ein fram på ulike vis når ein skov skavved <sup>til krøtera</sup> og når ein skov til hesjeved. Noko serlege gogner eller innretningar til å setje fast stokken som skulde skavast, veit ein ikkje av.
18. Ordet skavhæl kjenner ein ikkje her.
19. Når dei skov sat dei gjerne og heldt skavveden eller skavkjeppen med eine handa og drog kniven, ikkje kjeppen.
20. Veden vart kalla skavved eller skavkjepp.
21. Borken som ein skjev kallar ein skav. Ikkje noko sert ord for dei små borkbitane.
22. Ein skov av tunne kjeppar og av store tre, sommetider. Veden var vanleg nytta til bakstevod, då den var

noko lenger enn vanleg brenneved.

23. Anna namn enn skavkjepp og (eller) skavved kjenner ein ikkje til her.

24. Skavet skulle helst vere tunt og fint. Noko av vedlaget skulde helst ikkje fylgje med. At somme kunde vere flinkare enn andre til å skave, kunne vel og vere. Det galdt, som sagt, å få skavet so tunt og fint som råd var.

25. Veden av skavet vart, som nemnt før, nytta til baksteved, og når det var lengre troer, til gjerdetilfang.

26. Ein må vel seie det er slutt med å bruke skav her.

Oppskrifta delvis etter eiga røynsle og delvis etter opplysingar frå Ingebrigt Dalset, f. 1872, gardbrukar h.v.



## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. *7*Fylke: *M. og F.*

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: *Vesøy*Emne: *Skav.*

Bygdelag:

Oppskr. av: *Eiliv Sandnes.*

Gard:

(adresse): *Rødven*

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder heimstad yrke):

*7*

**EILIV SANDNES**  
 JORDSKIFTELANDMÅLAR  
 RØDVEN

Norsk Etnologisk Gransking,  
 Adr. Norsk Folkemuseum,  
Bygdøy.

Med tilføre av Dykkar skriv frå 25. februar d.å. vedkomande eit bytebrev frå 1836. Ved ei incurie frå mi side har det vorte skreve 1836, men skal vera 1834.

Gardane det gjeld er gr.nr. 54 og 55: Hammervold og Dalset i Vesøy herad, Romsdal (Møre og Romsdal). På Utskrifta, som eg fekk låna hos ein granne, står:

~~Utskrift~~ "Utskrift av Romsdals Sorenskriveris Pantebok folio 447, "dokum. nr. 38, tinglæst den 2. December 1834".

Eg kan her sitera dei 3 siste punktum.

"Sine Heste kan Hammervolds Opsiddere havne i Dahlseths Fjeldmark "saa ofte og naar de vil. Videre tillades dem at hugge Gjørdæsstor til "fornødent Brug paa Gaarden i Dahlseths kreen, men ikke af Bjerk eller "Furu. Samt Almebark i Hungersnød".

Holmem den 14. Juuni 1834".

Såvidt det gamle dokument.

Rødven, 26. mars 1955.

V y r d s a m t

*Eiliv Sandnes*

1520.  
 19/10 55  
 Bet. 2.50